



ULVIK HERAD



Årsmelding 2015


INNHALDSLISTE

Politisk og administrativ organisering	s. 3
Tilbakeblikk på 2015 – slik rådmannen ser det	s. 4
Økonomisk status	s. 5
Personale og organisasjon	s. 10
Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling	s. 12
Oppvekst	s. 14
Helse- og omsorg	s. 20
Teknisk drift og anlegg	s. 24
Heradsstyresaker 2015	s. 29

POLITISK ORGANISERING

<p>Heradsstyret fram til 14.10.2015 Venstre (6): Torbjørg Austrud, Oddmund Jordal, Sigrun Uppheim, Ingrid Sponheim, Solveig H. Uppheim og Jostein Thorsen.</p> <p>Arbeiderpartiet (3): Hans P. Thorbjørnsen, Kjartan Fjelde og Ingrid Prestegard.</p> <p>Senterpartiet (3): Jens O. Holven, Eva K. Dahl og Knut Nes.</p> <p>Høgre (3): Stig Røkenes, Bjarne Øydvin og Magrete Øydvin.</p> <p>Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Bård Fleten.</p>	<p>Heradsstyret frå 14.10.2015 Venstre (4): Håkon Gjerde, Oddmund Jordal, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.</p> <p>Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Alf G. Sortland, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.</p> <p>Senterpartiet (4): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Ingvild B. Sygnestveit og Jon O. Heggseth.</p> <p>Høgre (2): Stig Røkenes og Magrete Øydvin.</p> <p>Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Hanne Li.</p>
<p>Formannskapet fram til 14.10.2015 Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Torbjørg Austrud (V) og Oddmund Jordal (V)</p>	<p>Formannskapet frå 14.10.2015 Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Håkon Gjerde (V) og Guro Ljone (SV)</p>

ADMINISTRATIV ORGANISERING



TILBAKEBLIKK PÅ 2015 – SLIK RÅDMANNEN SER DET

I ei oppsummering av aktiviteten for 2015 er det normalt å trekkje fram større saker som heradet har jobba med. Og i 2015 må det seiast å vere fleire slike saker. Arbeidet med den nasjonale kommunereforma starta for alvor opp i 2015 og både dei folkevalde og administrasjonen har investert mykje tid og ressursar i denne viktige saka.

I 2015 vart spaden sett i jorda for den lenge planlagde fleirbrukshallen. Framdrifta i arbeidet er så langt i samsvar med oppsett tidsplan, og fleirbrukshallen ventast å bli eit stor løft for skulen og innbyggjarane i Ulvik når den vert ferdigstilt i 2016.

Også i året som gjekk busette heradet flyktningar. 7 flyktningar vart busett i 2015, og heradet har då til saman busett 19 flyktningar i åra 2014 og 2015. Samstundes fatta heradsstyret nytt vedtak om at Ulvik i perioden 2016 – 2019 skal busette to familiar per år. Dette vil difor bli ei fast oppgåve for heradet i den nemnte perioden, og det er difor viktig at heradet byggjer vidare på dei erfaringane som me har gjort oss så langt. Grunna den internasjonale flyktningkrisa vart det oppretta eit akuttmottak for asylsøkjjarar i Ulvik i desember 2015 (avvikla januar 2016). Dette kravde ein stor ekstrainsats frå helsepersonell og andre tilsette i heradet, men tilbakemeldinga på heradet sin innsats har vore særst positiv.

Grunna utviklinga i heradsøkonomien dei seinare åra var det i 2015 stort fokus både frå folkevalde og administrasjonen på å snu den negative utviklinga. Økonomiplanen slo fast kva mål heradet skal ha den neste fireårsperioden. I tråd med tinginga frå heradsstyret vart samstundes Telemarksforsking hyra inn for å gjennomføre ei analyse av heradsøkonomien. Sluttrapporten og dei føreslåtte tiltaka vil vere til stor hjelp i arbeidet for å nå måla som er sett i økonomiplanen.

Med eit slikt bakteppe er det gledeleg å registrere at heradet for 2015 kan presentere eit solid økonomisk resultat. Eit netto driftsresultat på 3,1 % av driftsinntektene er 2,6 % meir enn budsjettert overskot. I kroner inneber dette at heradet gjekk med MNOK 6 meir i overskot enn budsjettert (totalt overskot er MNOK 6,5 medan budsjettet la opp til MNOK 0,5 i overskot). Einingane gjekk med eit overskot på MNOK 4. Sjølv om ein god del av overskotet må relaterast til at utgiftene til pensjon vart lågare enn budsjettert, syner resultatet at einingane har stort fokus på økonomi og evne til å tilpasse drifta i samsvar med stadig strammare budsjett. Dette er eigenskaper som vil vere særst viktig også i tida som kjem.

Til slutt vil eg gratulere eininga for pleie og omsorg med tildelinga av IA-prisen 2015 for Hordaland. Eininga bør vere stolt av sitt målretta og langsiktige arbeid med sjukefråvær – eit arbeid som har blitt lagt merke til langt utanom våre egne kommunegrenser.

Eg vil nytte høvet til å takke alle medarbeidarar og folkevalde for godt samarbeid og framifrå utført arbeid i 2015. Til saman gjer me Ulvik til ein god stad å bu.

Joakim S.T. Øren
rådmann

ØKONOMISK STATUS

Økonomiske hovedtrekk frå drifta dei siste tre åra				
	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Auke
	2015	2014	2013	2014-2015
Driftsinntekter:				
Driftsinntekter og refusjonar	27 163 073,91	23 343 786,70	24 070 847,63	14,06 %
Rammetilskot og statstilskot	60 242 668,73	59 033 820,40	52 719 060,29	2,01 %
Skatt på inntekt og formue	32 883 354,75	32 828 428,60	32 351 997,74	0,17 %
Eigedomsskatt	10 570 911,00	10 528 625,00	10 408 010,00	0,40 %
Andre direkte og indirekte skattar	5 485 870,00	5 485 870,00	5 459 475,00	0,00 %
SUM DRIFTSINNTEKTER	136 345 878,39	131 220 530,70	125 009 390,66	3,76 %
Driftsutgifter:				
Lønsutgifter	85 950 031,91	83 346 142,84	77 269 342,51	3,03 %
Kjøp av varer og tenester	29 659 092,18	28 402 514,61	26 919 789,37	4,24 %
Overføringar, avskrivningar og fordelte utgifter	21 098 867,56	22 869 758,42	20 468 872,03	-8,39 %
SUM DRIFTSUTGIFTER	136 707 991,65	134 618 415,87	124 658 003,91	1,53 %
Brutto driftsresultat	-362 113,26	-3 397 885,17	351 386,75	-838,35 %
Finansinntekter:				
Renteinntekter og utbytte	2 356 443,66	2 682 521,67	2 416 612,59	-13,84 %
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	218 698,00	1 130 146,00	1 706 316,00	-416,76 %
Mottatte avdrag på utlån	144 702,50	184 900,44	233 501,54	-27,78 %
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	2 719 844,16	3 997 568,11	4 356 430,13	-46,98 %
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 012 021,42	1 254 746,25	1 235 776,27	-23,98 %
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)				
Avdragsutgifter	2 455 720,00	2 455 720,00	2 455 720,00	0,00 %
Utlån	9 300,00	10 000,00	111 533,00	-7,53 %
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	3 477 041,42	3 720 466,25	3 803 029,27	-7,00 %
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANS.	-757 197,26	277 101,86	553 400,86	136,60 %
Motpost avskrivningar	5 335 228,37	5 176 128,60	4 958 640,45	2,98 %
NETTO DRIFTSRESULTAT	4 215 917,85	2 055 345,29	5 863 428,06	51,25 %

Driftsinntektene:

Skatteinntektene og rammeoverføringane held seg på same nivået i 2015 som 2014, medan det er ein auke i driftsinntektene til heradet på 14,06% (MNOK 3,82). Dette skuldast inntekter i samband med drift av veterinærtenesta for distriktet og delvis som fylgje av auke av sal av varer og tenester.

Driftsutgiftene:

Driftsutgiftene auka med 1,53 % (MNOK 2,09) samanlikna med 2014. Lønsutgiftene steig med 3,03% samanlikna med 2014 mot 7,29% året før. Den prosentvise auken i lønnsutgiftene i 2015 hadde vore større om overslaget for pensjonsutgiftene hadde blitt ein realitet. Kjøp av varer og tenester har gått opp med 4,24% samanlikna med 2014. Dette er ein nedgang frå året

før då auken var på 5,22%. Overføringer, avskrivningar og fordelte utgifter variere frå år til år på grunn av ulikt nivå på tilskot og pliktige statlege føringar.

Finanspostane:

Resultatet av finanspostane for 2015 var negativ samanlikna med 2014. Hovudgrunnen til dette er avkastinga på næringsfondet som vart nesten 1 mill mindre enn 2014. Det låge rentenivået gjer også sitt til at resultatet av finanspostane er mindre enn for 2014.

Brutto – og netto driftsresultat:

Brutto driftsresultat (NOK -362 113) seier noko underskotet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar. I netto driftsresultat er finanspostane inkludert avdragskostnadane teke med, medan avskrivningane er sett til null. Dei interne finanstransaksjonane som bruk og avsetning til fond er ikkje teke med her. Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Om netto driftsresultat er 1,75% av brutto driftsinntekter er dette å rekna som ein «sunn» kommuneøkonomi. I Ulvik vart netto driftsresultat 3,1%, mot 0,5% i budsjettet for 2015.

Resultatet i meldingsåret og utvilkinga frå 2013.

Samanliknar me dei 3 siste åra så er det store svingingar i resultata. I 2013 hadde heradet høgare inntekter både i skatt og rammetilskot, og eit lønnsreguleringsfond som ikkje vert nytta fullt ut. I 2014 var det eit positivt premieavvik (ein mindre kostnad i den framtidige pensjonen) som førde til at heradet gjekk med overskot. I 2015 kjem me ut med eit positivt resultat på grunn av at pensjonsutgiftene til einingane vart mindre enn forventa. Vidare vart låneopptaka for 2013, 2014 og 2015 ikkje gjennomført før i slutten av 2015. Dette hadde ein positiv verknad for renter- og avdragsutgifter.

Rekneskapsmessig resultat:

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Driftsrekneskapen for 2015 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på NOK 6 020 199,16.

Driftsavvik fordelt på einingane:

	Ansvar	rekneskap	Budsjett	Overskot/underskot
210	Stab/støtte	15 257 095,24	15 957 872,00	700 776,76
220	Barnehagen	7 316 815,07	7 463 369,00	146 553,93
230	Undervisning	19 146 190,59	19 809 416,00	663 225,41
240	Helse & Sosial	12 196 078,56	11 427 229,00	-768 849,56
250	PLOMS	20 444 208,65	23 152 639,00	2 708 430,35
270	NAV	2 170 791,75	2 203 072,00	32 280,25
280	Teknisk leiar	13 975 111,25	14 514 256,00	539 144,75
	Overskot einingane			4 021 561,89

Samla mindreforbruk vart 4,25 %. Eininga helse og sosial hadde eit meirforbruk i høve til budsjettet. Hovudårsaka til dette kjem av at utgifter for legevakt i 2014 først kom i 2015, og vart betalt då. I tillegg var det ei overskriding på andre pliktige ytingar som det ikkje var budsjettert med.

Driftsavvik som ikkje er fordelt på einingane:

Årets premieavvik	-273 263,00
Amortisering av tidlegare års premieavvik	-1 539 873,00
Medfinansiering somatiske tenester	-19 300,00
Diverse	-125 493,61
sal av kraft	-131 223,87
Skatt på forskotspliktige	229 354,75
Eigedomsskatt	41 424,00
Statleg rammetilskot	372 945,00
Statstilskot flyktningar	1 714 970,00
Renteutgifter	1 093 565,00
Avdrag	570 364,00
Intern overf. indir kost VAR-området	-319 611,00
Renteinntekter	286 449,00
Utbyte og eigaruttak	98 330,00
	1 998 637,27

Samla mindreforbruk kjem i all hovudsak frå:

- statstilskot flyktningar, heradet har teke i mot flyktningar som ikkje var budsjettert med.
- Rente og avdragsutgifter, låneopptak dei 3 siste åra vart ikkje gjort før ved slutten av 2015.

Investeringsrekneskapen:

Dei samla investeringane i anleggsmiddel var på om lag kr 20 mill i 2015. Anleggsmidlane vart finansiert slik: lån kr 15,6 mill, bruk av fond/overføring frå drift kr 4,5 mill. Det største investeringsprosjektet i 2015 var fleirbrukshallen.

Balanserekneskapen:

Eigedelane til heradet er på kr 438 millionar, av dette er kr 152 mill pensjonsmidlar som står plassert i KLP. Dette utgjer 35% av eigedelane til heradet. Eigenkapitalen til heradet er auka med kr 3,8 mill. Auken i eigenkapitalen burde ha vore større eller lik overskotet. Men som følge av bruk av fond, både bundne og ubundne, er ikkje auken større.

Økonomiske nøkkeltal:

Tabellen under syner den finansielle utviklinga i Ulvik dei 3 siste åra, samanlikna med andre kommunar. Ulvik herad er i kostra gruppe 6: liten kommune med høge bundne kostnader pr. innbyggjar, høge frie disponible inntekter. Det same er Jondal. I tillegg er det samanlikna med naboherada Granvin og Eidfjord.

Økonomiske nøkkeltal							
	Ulvik	Ulvik	Ulvik	Kostragr 06	Jondal	Eidfjord	Granvin
	2013	2014	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,2	-2,7	-0,3	1,1	-0,8	5,1	1,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,6	1,4	3,1	4	0,9	10,7	2,9
Frie inntekter i kroner per innbygger	69457	70726	71658	70316	68040	74771	70295
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	184,5	182	208,3	217,5	194,2	162,9	217,7
Arbeidskapital ex. premieawik i prosent av brutto driftsinntekter	64,1	57,7	79,6	28,7	251,6	69,8	30,8
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	13722	11407	22606	72122	45111	24119	56880

I den langsiktige gjelda inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsplikter til tilsette i kommunen. Pensjonspliktene, som er ei form for avsetning til framtidige pensjonsutbetalingar, utgjer om lag 2/3 av den langsiktige gjelda. Nivået på desse pliktene er rekna utifrå statlege reglar. Den renteberande gjelda, 1/3 av langsiktig gjeld, har auka det siste året og då i all hovudsak med låneopptaket som vart gjort hausten 2015. Likevel ligg heradet under gjennomsnittet for gruppe 06 , men over landsgjennomsnittet.

Arbeidskapitalen(omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten dvs om heradet har pengar til å betale rekningane sine til rett tid. Ulvik herad har god likviditet, samanlikna med både gjennomsnittet i gruppe 06 og med gjennomsnittet i landet.

Frie disponible inntekter fortel enkel sagt om kor mykje av overføringane gjennom inntektssystemet som ikkje er bunde opp til dei vanlege lovpålagte driftsoppgåvene. Ulvik har høge frie inntekter både samanlikna med gjennomsnittet i gruppe 06 og med gjennomsnittet for heile landet.

Netto lånegjeld er den renteberande gjelda, den har auka det siste året, men heradet ligg likevel under gjennomsnittet for gruppe 06 og under gjennomsnittet for landet.

Kostra-samanlikningar:

Kommune-Stat rapportering har vore i bruk i Ulvik i mange år. Systemet, som ligg på heimesidene til Statistisk sentralbyrå, gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk. KOSTRA-tala må likevel tolkast med noko varsemd.

Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Ulvik herad sin del:

Innbyggjartalet har auka, men me ser ein nedgang i personar mellom 16-19 år.

Ulvik herad nyttar høvesvis mykje ressursar på skule og administrasjon samanlikna med gjennomsnittet for kostra-gruppe 6 og gjennomsnittet for heile landet, og lite på barnevernstenesta.

Innbyggjarar i Ulvik pr 31.12.	2011	2012	2013	2014	2015
0 år	12	6	10	8	8
1-5 år	49	55	53	57	56
6-12 år	91	92	92	78	80
13-15 år	44	39	30	42	45
16-19 år	71	71	71	68	54
20-44 år	290	295	295	270	294
45-66 år	338	332	324	326	330
67-79 år	118	123	143	156	160
80-89 år	82	76	71	61	54
90 år eller eldre	23	23	24	28	26
Totalt	1118	1112	1113	1094	1107

Kommunale prioriteringar samanlikna med andre kommunar							
	Ulvik	Ulvik	Ulvik	kostra gr 06	1227 Jondal	1232 Eidfjord	1234 Granvin
	2013	2014	2015	2015	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	128702	144196	139033	134199	109281	255098	124610
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	175858	176680	177516	161334	136628	247040	171628
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	4997	4505	5216	5222	6030	5640	3884
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	24117	26713	24384	27710	22487	30179	22662
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2287	2861	2260	..	1326	1739	2274
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4340	4123	4455	12969	13326	4059	904
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	15894	16821	16416	11220	11941	22917	11323

Innbyggjarar i Ulvik pr 31.12. i %	2011	2012	2013	2014	2015
0 år	1,07 %	0,54 %	0,90 %	0,73 %	0,72 %
1-5 år	4,38 %	4,95 %	4,76 %	5,21 %	5,06 %
6-12 år	8,14 %	8,27 %	8,27 %	7,13 %	7,23 %
13-15 år	3,94 %	3,51 %	2,70 %	3,84 %	4,07 %
16-19 år	6,35 %	6,38 %	6,38 %	6,22 %	4,88 %
20-44 år	25,94 %	26,53 %	26,50 %	24,68 %	26,56 %
45-66 år	30,23 %	29,86 %	29,11 %	29,80 %	29,81 %
67-79 år	10,55 %	11,06 %	12,85 %	14,26 %	14,45 %
80-89 år	7,33 %	6,83 %	6,38 %	5,58 %	4,88 %
90 år eller eldre	2,06 %	2,07 %	2,16 %	2,56 %	2,35 %
Totalt	100,00 %	100,00 %	100,00 %	100,00 %	100,00 %

Netto driftsutgifter pr teneste i % av netto driftsutgifter							
	1233 Ulvik	1233 Ulvik	1233 Ulvik	Kostragr 06	1227 Jondal	1232 Eidfjord	1234 Granvin
	2013	2014	2015	2015	2015	2015	2015
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i % av totale netto driftsutg	19,5	19,4	19	13,8	16,2	18,4	15,4
- herav Netto driftsutgifter styring og kontrollvirksomhet, i % av totale netto driftsutgifter	2,6	2,1	2,4	2,1	2,9	3	2,4
- herav Netto driftsutgifter administrasjon, i % av totale netto driftsutgifter	16,8	17,3	16,6	11,7	13,3	15,4	13
Netto driftsutgifter, barnehage, i % av totale netto driftsutgifter	8,2	8,4	8,7	7,5	7,6	9,1	7,5
Netto driftsutgifter, grunnskoleoppl�ring, i % av totale netto driftsutgifter	23,4	23	23,5	21,5	21,5	21,4	23,5
Netto driftsutgifter, helse og omsorg, i % av totale netto driftsutg.	37,3	37,4	34,3	40,6	38,5	28,7	36,1
Netto driftsutgifter, kommunehelse, i % av totale netto driftsutgifter	0	..	0	..	0	0	0
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg, i % av totale netto driftsutg.	0	..	0	..	0	0	0
Netto driftsutgifter, sosialtj., i % av totale netto driftsutgifter	1,5	2,2	3,1	3,2	1	1,4	2,1
Netto driftsutgifter, barnevern, i % av totale netto driftsutgifter	1	0,9	1	3	3,6	0,6	0,2
Netto driftsutg, vann, avl�p, renovasjon/avfall, i % av tot netto driftsutg	0,6	0,7	1,2	-0,5	0	0,4	-1,7
Netto driftsutg, fys.planl./kult.minne/natur/n�rmilj�, i % av totale netto driftsutg	2,7	3,4	2,8	1,3	1	5,8	5,2
Netto driftsutgifter, kultur, i % av totale netto driftsutgifter	5,7	5,1	4,9	3,7	3,6	9,1	2,3
Netto driftsutgifter, kirke, i % av totale netto driftsutgifter	2,2	2	2	1,7	2	2,2	1,6
Netto driftsutgifter, samferdsel, i % av totale netto driftsutgifter	2,7	3,4	2,6	2,9	4,6	4,5	6,3
Netto driftsutgifter, bolig, i % av totale netto driftsutgifter	-1	-0,8	-1,1	0,2	-0,6	1,2	0,4
Netto driftsutgifter, n�ring, i % av totale netto driftsutgifter	-5,6	-4,6	-3,8	-0,4	0,8	-6,2	1,1
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i % av totale netto driftsutg	1,7	1,9	2	1,7	2,3	2,1	1,8

PERSONALE OG ORGANISASJON

Avtalte  rsverk i organisasjonen korrigert for lange fr v r og svangerskapspermisjon. Kostratal 2012-15. Samanlikna med andre kommunar.

Kommune/�r	2012	2013	2014	2015
Eidfjord	140,6	144,5	148,5	Publisert juni 16
Ulvik	120,3	123,0	126,0	Publisert juni 16
Granvin	90,6	84,7	85,1	Publisert juni 16
Jondal	115,6	132,2	108,4	Publisert juni 16

Tabellen viser tal  rsverk for organisasjonen pr.  r dei fire siste  ra. Tala er korrigererte for lange fr v r og svangerskapspermisjonar. For Ulvik viser tabellen ein stigande tendens i perioden. Tala for 2015 vert f rst publisert i juni 2016 grunna omleggingar hj  SSB. Forklaringa til auken kan vera spesialpedagogiske tiltak skule/barnehage, omgjering av prosjektstillingar til faste stillingar, og tilsetjing i samband med mottak av flyktningar. Samanlikna med Eidfjord og Granvin ligg me i eit mellomstjikt, og Ulvik og Eidfjord har ein annan tendens enn Granvin. Jondal ligg mellom Granvin og Ulvik, med eit s rskilt avvik i 2013.

Sjuefr v r (tabell). Legemeldt og eigenmeldt samla.

Kommune/�r	2012	2013	2014	2015
Ulvik	6,31%	6,80%	5,63%	6,04%

Sjukefråværet i Ulvik herad inkludert eigenmeldt fråvær er på 6,04% for 2015. Det vil sei at 93,96% er langtidsfriske, noko som er eit bra resultat. Målsetjinga var rett nok at 94,4% skulle vera langtidsfriske. Det eigenmeldte sjukefråværet utgjer ca. 0,5% av fråværet på 6,04%. Pleie- og omsorg ligg om lag på snittet, medan barnehagen ligg noko over med 8%. Likevel har fråværet i barnehagen gått ned i høve til 2014.

Alt i alt må me vera stolte av så mange er langtidsfriske, og at fråværet er stabilt lågt. Ekstra gledeleg var det at pleie- og omsorg fekk tildeling IA-prisen i Hordaland i 2015.

Samarbeid med fagorganisasjonane

Det har vore tre møter med fagorganisasjonane på kommunenivå. Hovudavtalen heimlar fellesmøte mellom rådmannen og hovudtillitsvalde. Ut over vanleg informasjon om budsjett og økonomiplan har fokus vore på gjennomføring av medarbeidarundersøkinga. I tillegg har det vore halde informasjonsmøte om kommunereforma.

Kompetanseutvikling

I staben har ein tilsett teke arkivutdanning med 30 studiepoeng. Vidare har tilsett på biblioteket starta etterutdanning innan bibliotekfag med 15 av 60 studiepoeng i 2015. Ved skulen har ein tilsett teke 30 studiepoeng rådgjevarutdanning. I pleie- og omsorg har ein tilsett fullført vidareutdanning i aldring og eldreomsorg med 60 studiepoeng. I barnehagen har ein tilsett teke 15 studiepoeng i rettleiing, og ein annan tilsett har teke utdanning innan spesialpedagogikk med 15 studiepoeng. To tilsette har starta opp utdanning innan barne- og ungdomsarbeidarfaget i barnehagen.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det er utarbeidd overordna plan for HMT-arbeidet for 2015, 2016 og 2017. Forutan gjennomføring av vernerundar med fordeling av 100 000 kr. i HMT-midlar, har det vore halde seniorsamling med KLP. Vidare er det gjennomføring helseundersøkingar for dei som har krav på dette etter lov og forskrift. Arbeidsmiljøutvalet har også utarbeidd retningslinjer for AKAN-tiltak.

Det vart gjennomført ei medarbeidarundersøking i 2015. Resultata vert følgt opp i samarbeid med fagorganisasjonane. Det skal vera ei slik undersøking annakvart år. Ny undersøking kjem mot slutten av 2017.

Diskriminering og likestilling

Ulvik herad er ein kvinnedominert arbeidsplass. Om lag 70% av arbeidsstokken er kvinner. Ufrivillig deltid har vore drøfta saman med arbeidstakarorganisasjonane. Det er i liten grad avdekka ufrivillig deltid, og ved intern utlysing av stillingar søkjer me å få auka opp stillinga til dei som ynskjer dette.

Etikk

Me har etiske retningslinjer som legg føringar for det etiske arbeidet i organisasjonen. Desse retningslinjene vil bli reviderte i 2016. Men dette er eit viktig felt som me vil sjå nærare på i komande økonomiplanperiode.

ADMINISTRASJON, STYRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

Kostra-tal: Ulvik og Jondal kommunegruppe 6, Granvin kommunegruppe 5 og Eidfjord kommunegruppe 16.

	2013	2014	2015
Ulvik	15 894	16 821	16 416
Jondal	11 752	12 018	11 941
Kommunegruppe 6	10 730	11 116	11 220
Granvin	10 686	10 747	11 323
Kommunegruppe 5	9 603	10 168	9 984
Eidfjord	20 389	20 256	22 917
Kommunegruppe 16	12 760	12 892	12 936

Ulvik ligg høgt på utgifter til administrasjon og styring pr. innbyggjar. Om lag 23% av «administrasjonsutgiftene» ligg likevel på «einingsnivået», og ikkje under administrasjon, styring sentralt i organisasjonen. Me ligg i eit mellomsjikt mellom Granvin og Eidfjord. Likevel er det positivt at det er ein liten nedgang frå 2014 til 2015. Det er mest rett å samanlikna kommunen med den kostragruppa den høyrer til. I det perspektivet ligg alle kommunane over kostragruppa si.

Politikk – tal saker.

År	Heradsstyret	Formannskapet
2012	80	98
2013	57	78
2014	60	58
2015	76	57

Det er ein nedgang i tal saker til heradsstyret frå 2012 til 2014. Oppgangen i 2015 skuldast nok konstituering av nytt heradsstyre, og ein del ekstra arbeid for valnemnda til val av styre, råd og utval. Møta i formannskapet har ei synkende kurve i heile perioden. Ved oppstarten av ein periode er det ofte planar, retningslinjer og ulike regelverk som skal gjennomgåast. Strammare økonomi ut over i perioden kan og vera ei medverkande årsak til nedgangen. Strengare prioritering kan føra til at økonomiske saker vert kanalisert gjennom økonomiplan og budsjett.

Fellestenester

Innafor fellestenester vart det etablert ny heimesida i 2015. Vidare vart det innført ny møteportal for dei folkevalde, og ACOS møte vart etablert som eigne modul. På økonomikontoret vart det innført e-melding som er ei forenkling av rapporteringsrutinane til staten.

Samfunnstryggleik og beredskap.

Ny beredskapsplan vart vedteken i 2015. Fylkesmannen hadde tilsyn med beredskapsarbeidet, og det var ingen merknader eller avvik til dette arbeidet. Ut over det deltok heradet i øving Hordaland.

Samfunnsutvikling

- Ulvik herad blei godkjend Cittaslow-kommune i april 2015 og tok over som leiar av det nordiske nettverket i mai. Cittaslow-satsinga og prosjektet kultur for samfunnsutvikling har retta søkjelyset på auka innbyggarmedverknad. Det blei sendt ut ei innbyggjarundersøking før sommaren. Svarfristen var fram til oktober med svarprosent på 22.
- Den største nysatsinga for året var opninga av handelslaget i Ulvik. Gamle COOP bygget fekk nytt innhald i eit vellukka privat- offentleg samarbeidsprosjekt. Huset rommar nå både ny næring med gründerverksemda Syse Glas, Ulvikatorget, turistinformasjon og etablering av ei kontorhotell.
- Heradet har vore vertskap for ein gjestekunstnar frå London gjennom ordninga «AIR prosjektet» i september, og som ledd i nytt liv i tomme lokalar.
- Det ble starta to nye verksemdar i 2015.
- Turistkontoret registrerte rekordbesøk i 2015 (8500 mennesker), og kontoret blei uformelt kåra i VG til Norges beste turistkontor.
- NRK Sommarbåten vitja Ulvik i juli med god presse og flotte bilete frå bygda.
- Slow Food Hardanger arrangerte Terra Madre Hardanger i Ulvik i juni med produsentar, aktørar og besøkjande frå heile regionen.

Kultur og kino

- LUK/småkommuneprogrammet har arbeidd målretta med utviklingskompetanse i organisasjonen.
- Utsmykkingskomiteen har starta opp prosessen med utsmykking av ny fleirbrukshall.
- Sertifisering av Cittaslow-medlemskap vart formelt stadfesta i april og overlevert om hausten i samband med nordisk årsmøte.

I arbeidet med kulturminneplan har ein no fått på plass nytt dataprogram for elektronisk registrering av kulturminne.

Kinobesøket har lege rundt 2000 besøk dei siste 10 åra. I Ulvik, og resten av landet, er det nokre få titlar som er det største utslaget i kinobesøket.

År	Besøk	Tittel (2015)	Besøk (2015)
2013	2151	Bølgen	112
2014	1477	Solan og Ludvik	94
2015	1986	Asterix	89
		James Bond Spectre	83

Bibliotek.

Utlåns- og besøksstatistikk:

	2013:	2014	2015:
Samla utlån:	4229	4254	5293
Samla besøk:	2232	2019	2204

Besøkstalet er på veg opp frå året før, og kan vera resultat av forsøk på auka aktivitet og synleggjering av biblioteket. Bruk av møterommet/u-betent bibliotekrom utanom opningstid vert òg forsøkt registrert så langt det er råd, då dette høyrer med til det samla besøkstalet. Auke i utlånet kan vera resultat av brei formidling og faste skulebesøk. (Utlånet for born auka med over 600). Biblioteket var stengt 3 veker i 2015 mot 4 i 2014, noko som og spelar inn her.

Biblioteket skal dekkja behova til ulike brukargrupper, og arbeider kontinuerleg med samlingsutvikling. Biblioteket samarbeider med Brakanes skule om skulebiblioteket og formidling av litteratur til elevane. Biblioteket har sett i gang kulturelle tiltak, som til dømes teater og faste bibliotekbesøk for born, for å informere om tilbodet og drive litteraturformidling. Biblioteket har hatt besøk av flyktningar i introduksjonsprogrammet.

Samarbeidet med dei andre biblioteka i regionen fungerer svært godt med mykje aktivitet. Her er mykje å henta på kunnskapsutveksling, og vi har ein god delingskultur. Biblioteket har arbeidd kontinuerleg med marknadsføring av bibliotekenestene på sosiale media. Biblioteket tilbyr no til dømes gratis e-lån på www.eBokBib.no, ei ny digital teneste til lesebrett/smarttelefonar, og har elles stilt katalogen tilgjengeleg for fjernlån på det nasjonale websøket, som etter kvart skal bli www.biblioteksøk.no I regi av biblioteket vert det drive ein lesesirkel og filosofisk onsdag ein gong i månaden, samt andre arrangement/seminar i samarbeid med Hardangerbiblioteksamarbeidet. Møtekontoret til biblioteket vert opplevd hyppigare brukt til møter i lag og organisasjonar. Biblioteket har etablert samarbeid med Ulvik Poesifestival og skal ha arrangement 2016.

OPPVEKST

Skule

Elevtalet i grunnskulen er på veg ned. Flyktningfamiliene som er komne, med totalt 10 born i skulealder, gjorde likevel at skulen også i 2015 hadde 125 elevar.

Nye elevar som startar utan å kunna norsk, er ei utfordring for mange kommunar. Ulvik herad har som mange andre kommunar, oppretta innføringsklasse. Det betyr i prinsippet at skulen har 11 klassar og ikkje 10, og dermed aukar utgiftene, m.a. til undervisningstimar.

Kostratala nedanfor viser m.a. dette. Ein må vera merksam på at kostratal gjeld kalenderåret og andre aktuelle tal (GSI tall) gjeld skuleåret. Utgiftene er kompensert med inntekter frå flyktningefondet.

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6 – 15 år
 202: grunnskule, 215: skulefritidstilbod, 222: skulelokale, 223: skuleskyss

	2012	2013	2014	2015
Ulvik	171049	175858	176680	177516
Kommune gr 6	147162	150890	156567	161334
Granvin	146268	150909	171742	171628
Eidfjord	199443	217010	215480	247040
Jondal	120746	145264	141895	136628

Prosentvis utvikling

		2012-13	2013-14	2014-15
Ulvik		2,8 %	0,5 %	0,5 %
Kommune gr 6		2,5 %	3,8 %	3,0 %
Granvin		3,2 %	13,8 %	-0,1 %
Eidfjord		8,8 %	-0,7 %	14,6 %
Jondal		20,3 %	-2,3 %	-3,7 %


Elevtal Brakanes skule:

År	1 kl	2 kl	3 kl	4 kl	5. kl	6 kl	7 kl	1-7 kl	8 kl	9 kl	10 kl	8-10 kl	1-10 kl
2015-16	11	13	9	13	10	15	16	87	5	13	20	38	125
2014-15	14	7	13	10	15	15	7	81	13	20	11	44	125
2013-14	8	13	10	13	16	9	13	82	20	11	12	43	125
2012-13	13	10	12	17	7	13	20	92	10	11	9	30	122

Grafen nedanfor viser tal elevar pr lærar. Rapporten frå Telemarksforsking viser at Ulvik herad / Brakanes skule ikkje skil seg ut i høve til andre små kommunar som har 1 skule med ca 125 elevar. Grafen viser og at lærartettleiken er størst i barneskulen. Dette samsvarer godt med nasjonale føringar, m.a. frå våren 2015 der Utdanningsdirektoratet (Udir) publiserte følgjande:

Tidlig innsats i skolen gjennom økt lærerinnsett fra 1.-4. trinn; Fra høsten 2015 er det bevilget 200 mill. kroner til en ny øremerket tilskuddsordning til økt lærertetthet på 1.-4.trinn. Formålet med ordningen er å sette kommuner i stand til å øke lærertettheten på 1.-4. trinn.

Grunna små årskull og god ressursfordeling samanlikna med andre kommunar, fekk ikkje Ulvik uttelling i form av ekstratilskot, men skulen innfrir likevel dei nasjonale føringane.



Ulvik kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Ordinær undervisning er utan spesialundervisning og særskilt norskopplæring.

Ad særskilt norskopplæring: Telemarksforsking spådde i hausten 2015, at Ulvik snart ville nå opp på nasjonalt nivå. Nye tal viser at me faktisk var det i 2015. Mykje tyder på at Ulvik, med busetjing av nye flyktningefamiliar og anna tilflytting, vil gå klart over nasjonalt nivå, med dei utfordringar det vil føra med seg av lærarbehov/bemanning og økonomi.

Andel elever i grunnskolen (%) som får særskilt norskopplæring etter einskildvedtak	2012	2013	2014	2015
Ulvik	1,6	0,0	4,8	8
Kommunegruppe 6	3,8	4,4	4,4	4,9
Nasjonalt	7,4	7,5	7,2	7

Spesialundervisning og PPT

I ein kommune med små og varierende årskull vil få elevar kunne medføra store statistiske utslag. Andel elevar med einskildvedtak er litt over landsgjennomsnittet, men omlag 1% under samanliknbare kommunar. Det er verdt å merka seg at Brakanes skule ser ut til å lykkast med satsinga på tidleg innsats. På barnetrinnet bruker me over nasjonalt nivå, og på ungdomstrinnet ligg me under nasjonalt nivå på andel elevar med einskildvedtak.

Det er verdt å merke seg at trass i at Ulvik har større andel elevar med einskildvedtak, så er andelen av spesialundervisningstimar lågare en nasjonalt. Forklaringa på dette er kan være at aktuell spesialundervisning i ein del tilfelle kan organiserast i grupper.

Tal elever med einskildvedtak

Namn	År	1-4. trinn	5-7. trinn	1-7. trinn	8-10. trinn	Totalt	Andel timer spesialundervisning av antal lærartimar totalt
Brakanes B&U	2015-16	8,70	12,20	10,34	7,89	9,6	13,8
Brakanes B&U	2014-15	4,55	18,92	11,11	6,82	9,6	13,5
Brakanes B&U	2013-14	4,55	10,53	7,32	13,95	9,6	13,6
Brakanes B&U	2012-13	7,69	7,50	7,61	6,67	7,4	11,6
Heile landet	2015-16	5,16	9,26	6,88	10,31	7,9	17,5
Heile landet	2014-15	5,08	9,46	6,93	10,54	8,0	17,3
Heile landet	2013-14	5,32	9,72	7,18	10,77	8,3	17,6
Heile landet	2012-13	5,57	9,85	7,40	11,20	8,6	17,9

Skulefritidsordning (SFO)

SFO på Brakanes skule har over tid stabile og høge brukartall. Telemarksforsking kunne konstatere at Ulvik har ein ressursbruk, målt i kroner pr brukar, som er på linje med gjennomsnittet i så vel samanliknbare kommunar som nasjonalt. Dei konstaterer ei effektiv organisering, til tross for at det manglar stordriftsfordeler, som ein har ved større skular/SFO. Foreldreundersøkinga 2015 viser at føresette er svært nøgde med SFO-tilbodet i Ulvik.

Andel barn i SFO	År	Antal barn i SFO	Andel av elever i			
			1. årstrinn	2. årstrinn	3. årstrinn	4. årstrinn
Brakanes B&U	2015-16	41	72,73	100,00	100,00	76,92
Brakanes B&U	2014-15	33	78,57	85,71	69,23	70,00
Brakanes B&U	2013-14	37	87,50	84,62	80,00	84,62
Brakanes B&U	2012-13	42	76,92	80,00	91,67	76,47
Hele landet	2015-16		79,93	75,24	59,75	32,50
Hele landet	2014-15		80,04	75,24	60,68	34,16
Hele landet	2013-14		80,28	75,72	62,06	34,89
Hele landet	2012-13		79,83	75,43	61,76	34,27

Barnehagen

Barnehagen har i ein periode hatt stigande barnetall. Ei teoretisk berekning av barn pr m², vil vise at der er 76 plassar i barnehagen. Med 74 tildelte/nyttar plassar i hausten 2015, er me tett på maksimum. Dette samsvarer med opplevinga tilsette og føresette har; det er fullt. Våren 2016 er der komme ytterligere 5 barn under 3 år, svarande til 10 plassar. I 2016 er der eit forholdsvis stort årskull som skal over i skulen, men i 2017 er årskullet berre på 6-7 elevar. Innan den tid må Ulvik herad vurdere kapasiteten i barnehagen.

	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Sum	plassar
15.12 2015		7	11	17	6	15	56	74
15.12 2014	1	7	14	4	15	9	50	72
15.12 2013		10	4	14	10	13	51	65
15.12 2012		3	14	9	12	9	47	64

Hausten 2015 var fordelinga slik:

	u. 3 år	o. 3 år
Tommeliten	9	
Askeladden		20
Tyrihans		18
Veslefrikk	9	
Totalt i Ulvik barnehage	18	38

Barnehagen har ei viktig rolle i tidlig innsats. Barn med anna språk enn norsk og barn med rett til spesialpedagogisk hjelp er ei utfordring i tillegg til ordinær barnegruppe.

	2015	2014	2013	2012
Minoritetsspråklege barn i barnehagen	7	8	5	6
Barn som får spesialpedagogisk hjelp	4	2	4	1

Tilsette og fordeling:

	2015	2014	2013	2012
Styrar	1	1	1	1
Pedagogisk leiar	5	4	6	4
Barnehagelærer eller tilsvarande	1	2		
Barne- og ungdomsmedarbeidar		2		
Assistentar	6	4,16	6	8
Særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn	1	0,14		
Arbeid knytt til barn som krev ekstra ressursinnsats	0,8	1,16	0,62	0,55
Vaktmeister/reinhald	1,25	1,25	1,25	1,25
Total årsverk	16,05	15,71	14,87	14,8

Kostratala nedanfor, med store svingingar frå 2012 til 2013 og frå 2014 til 2015, kan ha fleire forklaringar. Det kan skuldast at barnetall gjennom året er avvikande frå teljetidspunktet 15.12, auke i barnetal utan tilsvarande auke av tilsette, barnehagen kan ha spart på vikarbruk, mm.

	Korrigerede brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage			
	2012	2013	2014	2015
Ulvik	190787	166686	185300	173518
Granvin	168486	214069	168886	166692
Eidfjord	233239	219137	276378	291800
Jondal	139050	124783	137769	141111
Kostragr.6	163052	164453	180964	179027

	Netto driftsutgifter til barnehagar per innbyggjar			
	2012	2013	2014	2015
Ulvik	6942	6706	7294	7475
Granvin	5408	5477	5372	5553
Eidfjord	10016	10375	11596	11307
Jondal	5288	4739	5451	5642
Kostragruppe 6	5973	5818	6297	6061

PPT – sjå under spesialundervisning skule og spesial pedagogisk hjelp i barnehage
Tabell over tilvist saker 4 siste skuleåra.

Kulturskulen

Har stabile elevtal over tid. I 2015-16 er 52% av elevene meldt på ein eller fleire aktivitetar i kulturskulen. Det er særleg gledeleg at gutar og jenter er om lag likt fordelte. I ein del andre kommunar er jenter klart overrepresentert.

År	Elevar i grunnskulealder	Elevar over grunnskulealder	Gutar	Jenter	Sum elevar
2015-16	65	2	33	34	67
2014-15	57	2	25	34	59
2013-14	82	3	43	42	85
2012-13	71	3	36	38	74

Om lag halvparten av deltakarane deltek i musikkundervisning. På musikktilbodet brukar 67 elevar 83 plassar på musikk. I kulturskulen deltek 1 elev i snitt i 1,6 aktivitet.

År	Musikkundervisning Elevplassar	Visuelle kunstoffag Elevplassar	Teater Elevplassar	Dans Elevplassar	Sum Elevplassar
2015-16	83	11	8	0	110

2014-15	67	12	13	0	98
2013-14	92	16	11	0	123
2012-13	86	8	12	8	119

HELSE- OG OMSORG

Helse- og sosial.

Til avdelinga ligg legeteneste inkl. legevakt, fysioterapi, helsestasjon/jordmorteneste, psykiatrisk sjukepleie, dag- og aktivitetsavdeling/-tilbod, barnevern og andre helse- og sosialtenester jf. helse- og omsorgstenestelova som ikkje ligg til NAV eller pleie og omsorgsavdelinga.

Ulvik har felles kommuneoverlege med kommunane Eidfjord og Granvin og har i 2015 hatt legevaktordning med desse kommunane i påvente av ny interkommunal legevakt på Voss. Barnevernet ligg til Hardanger Barnevern, Odda etter ein vertskommunemodell i samarbeid med kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord, Jondal. I 2015 vart Granvin med i ordninga.

Rekneskapen syner eit samla meirforbruk i høve budsjettet på ansvarsområdet på kr 769 000. Hovudårsaka er etterbetaling av legevakt for 2014, og auke i behovet for pliktmessige individuelle hjelpetiltak. Hardanger Barnevern fattar vedtak i barnevernssaker. Desse vedtaka binder heradet økonomisk. Samla meirforbruk barnevern (inkl. medlemskap i ordninga) kr 320 000.

ANSVAR 240 – helse- og sosial				
Teneste	B 2015	R 2016	Avvik*	R 15 i % av B 15
Administrasjon	952 897	887 639	65 258	93,15
Premiefond	0	-202 936	202 936	
Ungd. arb./-tiltak	281 776	237 234	44 542	84,19
Helsest./jordmor	849 961	824 092	25 869	96,96
Drift Brakanestunet	407 000	225 183	181 817	55,33
Støttekontakt	555 000	392 647	162 353	70,75
Legeteneste	2 581 965	3 062 435	-480 470	118,61
Legevakt	980 818	1 058 802	-77 984	107,95
Fysioterapiteneste	991 347	832 839	158 508	84,01
Skjenkekontroll	-32 000	-1 828	-30 172	5,71
Krisesenter	86 000	87 001	-1 001	101,16
Edruskap og behandling	5 000	0	5 000	0,00
Barnevern - adm.	351 000	358 743	-7 743	102,21
Barnevern i fam.	50 000	3 800	46 200	7,60
Barnevern utanfor fam.	268 000	626 321	-358 321	233,70
Bustad/institusjon	1 589 658	2 282 053	-692 395	143,56
Psykiatriteneste	1 189 086	859 915	329 171	72,32
Omsorgsløn	170 989	662 142	-491 153	387,24
BPA	148 732	0	148 732	0,00
SUM netto dr.utg.	11 427 229	12 196 082	-768 853	106,73

* Neg. forteikn = meirforbruk i høve til budsjett

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på drift av avdelingane. Meirforbruket skuldast tiltak overfor einskildbrukarar – barnevern, institusjon/bustad og omsorgsløn. Meirforbruk på legetenesta skuldast meirutgifter i høve kjøp av tenester (kurativ lege + turnuslege) m.a. for å kompensere for at kommuneoverlegen har redusert kurativ legeteneste som del av kommunesamarbeid. Telemarksforsking viser i sin rapport at Ulvik i 2014 nyttar ein mindre del av sine totale utgifter til kommunehelseteneste enn tilsvarande kommunar (kommunegr. 6), men ein høgare del enn fylket og landet. Det same gjeld utgifter pr. innbyggjar. Tenestene støttekontakt, bustad/institusjon, omsorgsløn og BPA (brukarstyret personleg assistent) er alle å sjå på som heradet sin samla innsats m.o.t. individretta tiltak. Det kan være tilfeldig på kva teneste utgifta vert ført. M.a. vil støttekontakt som tiltak ha eit klårt element av avlastning. Avlastningstiltak utgjer ein stor del av det samla hjelpebehovet i form av bustad/instit., omsorgsløn el. BPA.

Kostnadskrevjande tiltak er vidareført frå 2015 til 2016 og må forventast å føre til eit meirforbruk i høve budsjettramma.

Ein stor del av ansvarsområdet sine utgifter er utgifter som i realiteten er løn, men dei vert ikkje ført som løn i budsjettet – t.d. ymse driftstilskot, instit./bustad, adm. utgifter barnevern. Dermed har ein heller ikkje fått kompensert desse utgiftene gjennom dei årlege budsjettrammene, og det har over tid utvikla seg eit ubalanse mellom behov og midlar.

Barnevern

Hardanger barnevern sender eiga årsmelding. Denne vert lagt fram som melding. Barnevernet registrerer eit auka tal born – tilmeldt og på tiltak. Det er etablert faste tverrfaglege samarbeidsmøte mellom barnevernet og kommunane. Barnevernet vil m.a. verta sentral i samband med spørsmål kring busetting av einslege mindreårige flyktningar. I KOSTRA-tal les ein at netto driftsutgifter pr. innb. i alderen 0 – 17 år er kr 4 455 medan det tilsvarande talet for Hordaland fylke/alle kommunane er kr 8 213. Overskridingane til tross – utgiftene er ca. halvparten enn kva dei er i andre kommunar. Av Telemarksforsking sin drifts- og ressurskartlegging les ein at medan barnevernstenesta sin totale del av netto driftsutgifter i 2014 svarte til 0,9% var tilsvarande tal for kommunegruppe 6 og landet 3,2% og 3,2%.

NAV

Totalt har NAV Ulvik, sosialtenesta, hatt 31 aktive brukarar i 2015. Av desse var 9 nye brukarar. 23 % av dess hadde behov for bistand over 6 md. (26 % i 2014). Dei aller fleste (29 brukarar) hadde ei økonomisk yting eller låg arbeidsinntekt i botn. Alderssamansettinga er ca. 6 % under 25 år, ca. 52 % mellom 25-44 år og ca. 42 % over 45 år. Andelen under 25 år har minka betrakteleg med ca. 16 % frå 2014 eller ca. 30 % frå 2013.

Ansvar 270 NAV	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	2 170 791,75	2 203 072,00	32 280,25

NAV Ulvik har hatt stor pågang av søknadar om sosialhjelp, men har eit lite avvik budsjettmessig. Vi har hatt stabilt personale og veldig lågt sjukefråvær. Samanlikna med Kostragruppe 06 hjå SSB, har Ulvik lågare driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år enn gjennomsnittet, og vi har lågare andel sosialhjelpsmottakarar av innbyggjarane 20-66 år. Ulvik har hatt ein reduksjon i driftsutgiftene frå 2014 til 2015 med kr. 601 pr. innbyggjar , frå kr. 2861 til kr. 2260. Kostragruppe 06 ligg på kr. 3132.

Pleie og omsorg:

Tildeling av IA-prisen 2015 i Hordaland var eit løft for heile avdelinga og eit prov på at sjukefråværsarbeidet internt i avdelinga er lagt merke til også utanom kommunegrensene. Året sett under eitt har likevel vore svært annleis og prega av store utfordringar. Vanskar med bemanning og høg aktivitet i form av auka arbeidsmengd med kvar pasient/brukar har krevd mykje logistikk i drift og mykje planlegging (sjukeheim, heimesjukepleie og dagavdeling for personar med demens). Ei av årsakene ligg til fleire vakante stillingar og langtidssjukemelde i periodar. Mykje meirarbeid for resterande arbeidsstokk og overtid. Stillingar har stått vakante for å halda kontroll med budsjettet grunna melding om for høgt forbruk i løpet av året. Nokre pasientar krev ekstra ressursar både i institusjonsomsorg og i open omsorg. Noko lågare pasientgrunnlag i institusjon gjennom året. Færre pasientar er likevel ikkje einstyddande med mindre arbeidsmengd og redusert behov for kompetanse.

Målsetjing om 5% sjukefråvær vart ikkje nådd og me enda på 6% fråvær. Første og siste kvartal viser 10% sjukefråvær. Det vart krevjande arbeidssituasjon for mellomleiarar med å skaffa vikarar, arbeida med tilretteleggingstiltak som del av sjukefråværsoppfylging i tillegg til avvikling av lovfesta ferie. Faglege krav til tenesteutøving og vedtak om hjelp vart sett hardt på prøve.

Ressurspersonar innafor ulike fagområde (fagleg/datateknisk, o.l.) er tidkrevjande og vert teke frå dagleg drift med påfølgjande auka vikarbehov pga manglande stillingsressurs. Ressurspersonar skal gi undervisning, råd og opplæring til både pasientar/brukarar, pårørande og helsepersonell og samarbeida tverrfagleg med andre aktørar. Året har gitt oss utfordringar som har sett oss på prøve både personalmessig og driftsmessig. Det er i gode tider ein legg grunnlaget for å tola motgang, seiast det.

Godt arbeidsmiljø og stor lojalitet og innsats overfor arbeidsplassen/kollegaer er til stades sjølv når det røyner som verst. Stadig meir komplisert pasientbehandling i både heim og institusjon ved at fleire oppgåver vert overført til kommunehelsetenesta. Avgjerande å oppretthalda/auka kompetanse innafor fleire fagområde, jf medarbeidarundersøkinga der me ser forbettringspotensiale innan organisering av kompetansehevingstiltak og oppgåvemotivasjon. Auka krav til rapportering og dokumentasjon generelt har gitt meirarbeid og er tidkrevjande og går ut over direkte pasientkontakt.

Elektronisk meldingsutveksling(e-meldingar): institusjon og heimetenester : 1396 meldingar

Krav om deltaking i elektronisk meldingsutveksling (del av samhandlingsreforma) er godt i gang og alle e-meldingar skal kvitterast for, planleggja tiltak/behandlingsopplegg for pasientar, sjekka ut informasjon og implementera denne og gjera nødvendige endringar og oppfylgingsarbeid i etterkant, m.m. Det er oppretta meldingsansvarleg på dag- og kveldsvakter for å handtera e-meldingar som vert sjekka ut 2.kvar time. Erfaringar så langt: lite tid til drøftingar rundt den enkelte e-melding om pasient og kartlegging av hjelpebehov.

Ulvik sjukeheim:

	2015	2014	2013
Søknader til Inntaksnemnda	48	51	43
Langtidsopphald	5	4	5
Korttidsopphald(akutt plass, rehabilitering, utgreiing/ behandling, anna)	34	38	30
Omsorgsbustad	4	3	4
Dagavdeling for personar med demens	4	4	3
Nattopphald	1	0	0
Avlastning	0	2	1
Utskrivingar frå institusjon :			
Korttid-rehabilitering	15		
Korttid-anna	10		
Korttid-behandling/utgreiing	6		
Langtidsopphald	1		
Nattopphald	1		

Ulvik sjukeheim har 21 sengeplassar. 3 sengeplassar er sett av til korttidsplassar med rehabilitering, palliasjon, omsorg ved livets slutt, avlastning, o.l. Beleggsprosent for 2015 var i snitt 75%.

Fysioterapi- ressurs på 28% knytt til institusjon, jf lovkrav. Pr 2015 ligg ressursen til helse og sosial. Eigen fysioterapistilling på bakgrunn av endring i regelverket der privatpraktiserande fysioterapeutar med kommunalt driftstilskot ikkje lenger er pliktig å yta denne type tenester til kommunal institusjon.

Dagavdeling for personar med demens er eit lovpålagt tilbod og det har vore tidkrevjande arbeid med å synleggjera tilbodet. Her er nok fleire som kunne hatt nytte av dette tilbodet. Auka bruk av korttidsplassar gir auka arbeidsmengd i høve sakshandsaming gjennom kartleggingsarbeid og vurderingar av fysisk og mental helsetilstand for best mogeleg tilrettelegging mtp vidare hjelpebehov.

Eige kjøkken ved institusjon som produserer heimelaga mat til bebuarar i institusjon og heimebuande.

Kjøp av vaskeritenester til arbeidstøy/institusjonstøy. Personalet vaskar privat tøy til bebuarar, ingen stillingsressurs avsett.

Open omsorg

Heimetenester omfattar alle deltenester utanom institusjonsomsorga. Noko nedgang i tal brukarar det siste året pga innlegging i institusjon for lengre eller kortare periode.

Behovet for fleire og meir omfattande hjelpetiltak i heimen har likevel gitt auka arbeidsmengd og saksmengd, også for kortare oppdrag knytt til nødvendig helsehjelp.

Middagskøyring: Auka tidsbruk til utkøyring av mat. I tillegg til utkøyring av middag ser ein no behov for utkøyring av både frukost og kveldsmat. Køyreoppdrag ligg til personalet i heimetenester.

Ergoterapeut har kombinasjonsstilling med 60% ergoterapeut og 40% fagansvarleg ved dagavdeling for personar med demens og er også demenskoordinator i heradet. Stilling som sørvismann/sjåfør stått vakant som del av innsparing – gitt store utfordringar med logistikk og mykje meirarbeid då ein skal sørva alle innbyggjarar i heradet, både barn, unge og vaksne.

Hjelpemidlar: Mykje avanserte tekniske hjelpemidlar som krev fagutdanning og som tilsette i ploms ikkje har kompetanse til å utføra.

Pr 31.12.2015:

<u>Heimesjukepleie</u>	: 31 brukarar
<u>Heimehjelp</u>	: 35 brukarar
<u>Dagavdeling for personar med demens</u>	: 5-6 brukarar dagleg
<u>Tryggleiksalarm</u>	: 33 tr.alarmar
<u>Arbeidsstova</u>	: 20 brukarar
<u>Utkøyring av middagar</u>	: 20-22 middagar dagleg

TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD

Planlegging

Det har ikkje vore utarbeidd reguleringsplanar i kommunal regi i 2015.

Det er utarbeidd ein reguleringsplan i privat regi – Detaljregulering gnr. 38 bnr. 13 m.fl. (Utvidinga av Finse 1222)

Det har vore arbeidd med revisjon av kommunedelplan for energi og miljø, samt arealdelen til kommuneplanen, og desse er venta vedtatt i første halvdel av 2016

Byggesaker

År	Heilårsbustader	Fritidsbustader	Andre bygg /tiltak
2012	4	7	26
2013	8	4	30
2014	9	4	29
2015	8	10	33

Av dette er det 5 nye heilårsbustader, 3 nye fritidsbustader og 2 nye driftsbygningar
Det er handsama 17 dispensasjonssaker i 2015.

Kart og oppmåling

Rekvirert	Oppmålt	Matrikkelført	Fakturert
11	11	11	11

Av dette er 8 nye tomter. Rest er oppmåling av eksisterande grenser.
Har i år fått ny kartportal internt og ekstern. Også som mobil app.
Fått nytt ortofoto og oppdatert kartdata i heile heradet.

Landbruk

	2012		2013		2014		2015	
	Søklarar	Sum tilskot	Søklarar	Sum tilskot	Søklarar	Sum tilskot	Søklarar	Sum tilskot
Produksjonstilskot, søknadsfrist 20. januar	49	4 985 280,-	57	5 898 048,-	51	5 201 306,-	57	6 555 462,-
Produksjonstilskot, søknadsfrist 20. august	59	4 848 255,-	58	4 976 756,-	59	4 787 860,-	56	4 106 844,-
Regionalt miljøtilskot (RMP)	38	742 366,-	50	931 161,-	51	1 545 921,-	49	1 254 706,-
Refusjon sjukeavløysing m.v.	9	244 681,-	17	401 998,-	6	57 054,-	2	38 322,-

- 2015 var eit aktivt år i landbruket i Ulvik, spesielt innan saueproduksjonen. Av 15 innvilga prosjekt hjå Innovasjon Norge i Hordaland, var 5 av dei i Ulvik. Andre prosjekt som fekk tilskot gjennom Innovasjon Norge: 1 innan økologisk fruktproduksjon, 5 innan konvensjonell fruktproduksjon og 1 innan bygdenæringar.
- SMIL-tilskotet var i 2015 på kr 140 000,-, og kr 23 582,- i inndregne midlar. Det kom inn 4 søknadar, og heile tilskotet vart fordelt på dei ulike prosjekta.
- Dreneringstilskotet var i 2015 på kr 32 000,-, og det vart brukt kr 9 000,- av tilskotet. Årsaka til låg utnyttingsgrad av tilskotet, kan vera at det er eit forsvinnande lite tilskot når ein jamfører med kostnadane for grøftinga.

Dei seinare åra har mange unge gardbrukarar flytta heim, dette er positivt for bygda!

Skogbruk

År	Hogst			Planting			Tilskot (kr.)
	Total (m ³)	Sagtømmer (m ³)	Massevirke (m ³)	Total verdi (kr.)	Skogstre (stk.)	Juletre (stk.)	
2015	13 474	7 574	5 839	3 698 232	60 300	4 000	169 327
2014	11 891	8 213	3 652	3 749 843	-	-	-
2013	4 346	3 004	1 337	1 307 192	9 820	1 000	37 680
2012	824	477	345	231 528	3 010	8 000	30 924

Det har vore god aktivitet i skogbruket dei siste par år, med rekord hogst i 2015. Skogskade på grunn av ekstremt snøfall vinteren 2014-2015 medverka til auka aktivitet. Meir massevirke i uttaket og litt lågare tømmerpriser samanlikna med 2014 gjorde likevel at hogstverdien vart litt lågare i 2015 enn året før. Med stor hogstaktivitet fylgjar eit stort plantebehov. Det skal plantast att etter hogst innan 3 år. Hordaland har førebels gode tilskotsordningar for natur- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), men framover må ein i større grad finansiere tiltaka ved hjelp av avsett skogfond.

Viltforvaltning

År	Hjortejakt			Elgjakt			Fallvilt (stk.)
	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	
2015	127	79	62	5	1	20	12
2014	127	71	56	7	3	29	3
2013	111	86	78	7	0	0	0
2012	111	65	59	7	2	14	1

Jaktarealet i Ulvik er fordelt på 1 elgvald og 3 hjortevald. Det teljande arealet utgjer om lag 115 km². Uttaket av hjort og elg har vore relativt stabilt dei siste åra. Auka kvote har likevel resultert i litt lågare fellingsprosent dei siste 2 år. For to av hjortevalda, der det er størst fruktproduksjon, er minstearealet mellombels redusert frå 1 000 dekar til 750 dekar. 1000 dekar er vanleg minsteareal også i nabokommunane.

Det er ei lovfesta nasjonal målsetjing at hjorteviltet skal forvaltast på bestandsnivå, og eit samarbeidsprosjekt er initiert for å lage ein større felles regional bestandsplan. Men valda i Ulvik har hittil ikkje ynskja å delta i dette prosjektet.

Registrert fallvilt har auka markant i 2015, dette skullast den snøtunge vinteren.

Brann- og feiarvesen

Overordna mål:

- Ei brannordning (inkl. feiing / tilsyn) i tråd med sentrale krav og lokal risikovurdering
- Årsmål for dei enkelt områda som feiing / tilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt, øvingar, formell opplæring m.v.

Resultat:

- Gjennomført dei planlagde 6 fellesøvingane. I tillegg har varabrannsjef delteke på øvingar i Eidfjord og Granvin vedk. fyrstehjelpsopplæring inkl. hjerte- og lungeredning.
- To nyttilsette personar oppmelde til nettbasert kurs i brannvern.
- To personar har fullført utdanninga Grunnkurs deltid, i regi av Bergen brannvesen.
- Feiing og tilsyn vart utført av Vestnorske Feiartjenester AS. Dei varsla 238 hus vedk. feiing, men det var 64 hus der det ikkje var klargjort for feiing. Dvs. 174 piper vart feia i 2015. Det var varsla tilsyn i 223 hus, men 45 hus var det ikkje folk tilstades. Dvs. gjennomført tilsyn i 178 hus.

- Tilsyn med særskilde brannobjekt (§ 13 objekt) er utført på 14 objekt. Der skule, barnehage og overnattingsverksemdar er prioritert.
- Arbeidet med Pilotprosjekt «Brannsamarbeid i Bergensregionen» er starta, og ver avslutta til hausten. Brannsjefen er deltakar i ein av arbeidsgruppene i dette Pilotprosjektet. Resultat av prosjektet vil koma til politisk behandling i slutten av 2016.
- Brannsjefen gjekk ut av brukarutvalet i 110 sentral Hordaland, etter 3 år. Brannsjef i Kvam er no representant for Hardanger og Voss.

Vatn, avlaup og renovasjon (VAR)

Vassforbruk

	2013	2014	2015
Januar	9 362	10 150	15 526
Februar	7 961	8 579	15 140
Mars	9 369	9 690	10 170
April	9 612	10 396	9 937
Mai	9 696	12 568	10 998
Juni	10 478	14 827	11 508
Juli	11 394	17 679	13 681
August	11 578	12 976	13 341
September	9 545	11 472	10 801
Oktober	10 463	9 982	9 914
November	10 140	14 594	9 216
Desember	10 083	12 074	9 958

Vassforsyning

Det er eitt kommunalt vassverk i Ulvik, Osa vassverk. Vassverket ble etablert i 2001. Grunnvasspumpene pumper mot Hakestad høgdebasseng. Hovudutfordringa innafor dei kommunale vassforsyningsområda framover er å etablere nytt høgdebasseng i Øydve-området og utvide nettverk til nye abonnentar på Syse, Torblå, Kvåle, Håheim og Øydve.

Difor byrja heradet i 2015 med revidering av kommunedelplan for vatn og avløp som grunnlag for forvaltinga framover. Vedtak forventast sumaren 2016.

På grunn av innsug av overvatn til fjellbassenget vart det installert UV-anlegg på Hakastad i januar/februar 2015.

Omlegging av ein del av vassleidning i Prestagarden vart gjort i februar/mars 2015. Arbeidet på omlegging/utskifting av gamle leidningar vil fortsetja i åra framover.

Avlaup

Dei kommunale avløpsanlegga består i dag av:

- 1 mekanisk reinseanlegg på Hjeltnes
- 5 stk avløpspumpestasjonar (inkl. ein i Hjeltnes RA)
- 10 regnvassoverløp
- Tilhøyrande leidningsnett, ca. 15,5 km

Reinseanlegget stettar ikkje dagens reinsekraft, m.a. for stor lysopning. I reinseanlegget er det særst dårleg inneklima da det er store problem med gass i bygget frå avløpsvatnet.

I tillegg vil heradet utvide nettverket til nye abonnentar på Syse, Torblå, Kvåle, Håheim og Øydve. Derfor begynte heradet i 2015 med revidering av kommunedelplan for vatn og avløp som grunnlag for forvaltning framover. Vedtaket forventast sommaren 2016.

Slamtømming

Ulvik herad har ordning med tømning kvart andre år for bustadhus og fjerde år for fritidsbustad. Tenesta vart skild ut frå avlaup med eige sjølvkostrekneskap. Totalt har heradet ansvar for slamtømming for ca. 250 private abonnentar. Det praktiske arbeidet er utført av Jonny Birkeland/ Septik 24.

Renovasjon

Renovasjon er ei sjølvkostteneste. Oppgåvene knytt til denne tenesta er overtatt av Indre Hordaland Miljøverk, med unnatak for fakturering.

DRIFT OG VEDLIKEHALD

Eininga har 13 tilsette innan driftsavdelinga - fordelt på 6 personar på utedrifta, og 7 personar innan reinhaldstenesta.

Sumaren 2015 stara arbeidet med bygging av ny fleirbrukshall i tilknytning til Brakanes skule. Ifølgje kontrakt med totalentreprenør Fronta Bygg AS skal bygget stå ferdig for overlevering 1. juli 2016.

Teknisk eining fekk i 2015 i oppdrag å sjå på moglegheitene for å oppgradere delar av Ulvik barnehage – med spesielt fokus på personalområda. Krav får arbeidstilsynet har gjort denne jobben særst utfordrande, då ein ikkje har planlagt å utvide sjølve bygningskroppen. Arbeida er planlagt gjennomført på hausten 2016.

Eininga fekk i mai 2015 i oppdrag å lyse ut arbeida med rehabilitering av to av husværa i Sentrumsbygget. Dette vert dei to siste leilegheitene som må rehabiliterast grunna sprekker i branncelleinndelinga. Arbeidet er venta ferdigstilt til sumarferien 2016.

Bygg

Det har i 2015 vært gjort en oppgradering av det elektriske anlegget på Elvatun, og det vil fortsatt være en del arbeid i dette bygget ut i 2016. Det skal m.a. leggjast nytt elektrisk anlegg for komfyr på kjøkkenet.

Det har og vore gjort eit arbeid for å kartleggje skader på taket på Brakanes skule, og ein reknar med at denne oversikta er klar på våren 2016.

Vegar og uteanlegg

Heradsstyret vedtok å nedklassifisere nokre kommunale vegar, og ruste dei opp før overlevering til grunneigarane. Eininga hadde ikkje særlege utfordringar med uteanlegga til heradet.

Heradsstyresaker 2015

Sak nr.	Tittel	Sak nr.	Tittel
001/15	Meldingar	017/15	Årsmelding og rekneskap 2014
002/15	Kjøp av Vombevika bustadfelt	018/15	Revisjon av politivedtekter for Ulvik herad
003/15	Tilbod om forvaltningsansvar for Ulvikpollen naturreservat	019/15	Bustader - sentrumsbygget
004/15	Endra skrivemåte for to vegnamn til Hjelmavollsvegen og Bergavegen	020/15	Økonomiutgreiing. Kjøp av tenester.
005/15	Byggjerekneskap for prosjekt 4360: Nytt kunststoffdekke i Holmen	021/15	Fire nye vegadressenamn – På Lekve og i Upsetedalen
006/15	Oppfølging av forvaltningsrevisjon	022/15	Endring av delegasjonsreglement
007/15	Tour des Fjords 2015	023/15	Årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Ulvik herad
008/15	Søknad om driftstilskot til prosjektet Gamle handelslaget	024/15	Årsmelding for Ulvik frivilligsentral 2014
009/15	Meldingar	025/15	Meldingar
010/15	Utgreiing om sambandet mellom Austlandet og Vestlandet – uttale	026/15	Brakanes skule fleirbrukshall og ombygging/rehabilitering av symjebasseng. Finansiering
011/15	NOU 2014:13 Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi - uttale	027/15	Nedklassifisering av deler av det kommunale vegnettet
012/15	Oppretting av politisk komité	028/15	Omgjering av engasjement til fast stilling
013/15	Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Revisjonsrapport	029/15	Økonomiplan 2016 - 2019
014/15	Eigarstrategi Hardanger Energi AS	030/15	Kommunestruktur
015/15	Valstyret til kommunestyrevalet 2015	031/15	Søknad om utbygging av Tysso kraftverk AS – Høyving. Fullmakt til formannskapet om å gje uttale.
016/15	Meldingar	032/15	Meldingar

033/15	Tilstandsrapport for Brakanes barne og ungdomsskule 2014-15	053/15	Oppmoding til heradstyremedlemmene om å gje møtegodtgjersla til flyktningane
034/15	Godkjenning av selskapsavtale Hardangerrådet IKS	054/15	Meldingar
035/15	Høyring – endring av alkohollova – sal av utvalde produkt over 4,7 volumprosent alkohol direkte frå produsent	055/15	Framlegg frå Ulvik Eldreråd om å endra namnet Ulvik Eldreråd til Ulvik Seniorråd.
036/15	Høyring om eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mm i verk og bruk	056/15	Val av administrasjonsutval 2015 - 2019
037/15	Låneopptak til investeringar vedtekne i 2013 og 2014	057/15	Val av arbeidsmiljøutval 2015 - 2019
038/15	Nedklassifisering av Tjoflotvegen	058/15	Val av seniorråd 2015 - 2019
039/15	Tenesteavtale 8 – Samhandling innan svangerskap-, fødsels og barselomsorga.	059/15	Val av kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
040/15	Fråsegn til konsesjonssøknad – Tysso kraftverk		
041/15	Meldingar		
042/15	Barnehagevedtekter i Ulvik herad		
043/15	Byggjerekneskap for prosjekt 4339 Hjelmvoll bustadfelt		
044/15	Framlegg til reguleringsplan for fortau langs Tyssevikvegen – Ulvik herad. Heradstyrets handsaming, endeleg vedtak.		
045/15	Godkjenning av kommunestyrevalet 2015		
046/15	Val av formannskap 2015 - 2019		
047/15	Val av ordførar 2015 - 2019		
048/15	Val av varaordførar 2015 - 2019		
049/15	Val av kontrollutval for perioden 2015 - 2019		
050/15	Val av valnemnd 2015 - 2019		
051/15	Val av representant til fylkesmøte i Kommunenes Sentralforbund		
052/15	Fråsegn til søknad om konsesjon for Austdøla kraftverk i Osa		